

SPORT ALVER EIKANGER IL OSTEREIDET

Storm (5) klinka til for å feire den nye kunstgrasmatta: – No manglar vi berre Osterhallen





STRAFFE: Storm Hindenes Fosse (5) klinka til i straffesparkkonkurransen etter opninga av den nye kunstgrasmatta på Ostereidet. Foto: OLE JACOB RIISE

Av [Ole Jacob Strønen Riise](#)

Publisert: 17.09.22 13:25

Del

Barn og ungdommar storkoste seg på den nye kunstgrasmatta på Ostereidet.

For abonnentar

Alvin Wakefield (11) og Liam Hansen Toft (11) fekk æra av å vere med Alver-ordførar, Sara Sekkingstad (Sp), på å offisielt opne den nye kunstgrasmatta.

Dei er særst nógde med korleis bana blei.



KONKURRANSE: Dei yngste i Eikanger IL stilte seg i kø for straffesparkkonkurranse etter opninga. Foto: OLE JACOB RIISE

– Den nye bana er kjempegod og mykje betre enn den førre vi hadde. Eg er keeper og slenger meg mykje, så for meg er dette heilt utruleg, seier Liam.

Alvin er enig.

– Ja, den førre var veldig slitt. No sprett ballane som dei skal, legg han til.



NØGD: Alvin Wakefield (h.) og Liam Hansen Toft fekk vere med Sara Sekkingstad å opne den nye kunstgrasmatta. Dei er nøgd med kvaliteten så langt. Foto: OLE JACOB RIISE

Gutane hugsar kor mykje gummigranulat det var på den gamle matta. I tillegg flassa graset av bana og sette seg på draktane.

– Mor mi måtte plukke dei av før kleda gjekk i vask!

Trass at laurdag 17. var den offisielle opninga av matta, har den vore i drift sidan månadsskiftet august-september.

I dag brukar gutane bana til leik, men dei har òg prøvd det nye dekket på alvor.



– Vi spelte kamp mot Kvernbit og vann 4-3!



GÅVE: Leiar for Eikanger IL Fotball, Helge Rasmussen, har jobba lenge for å få kommunen med på laget for den nye kunstgrasmatta. Ballane er ei gåve frå Alver til Eikanger IL. Foto: OLE JACOB RIISE

No manglar vi berre Osterhallen

– Vi i klubben er utruleg stolte og glade! Endeleg er vi i gang. Så er det kjempekjekt at ordføraren kom innom.

Det seier leiar i Eikanger IL Fotball, Helge Rasmussen.

Han er særst nøgd med arrangementet.

– No manglar vi berre Osterhallen her ute, seier han og ler.



OPNA: Sara Sekkingstad opna den nye kunstgrasmatta på Ostereidet laurdag. Foto: OLE JACOB RIISE

Men det er ikkje berre spøk - han kjem til å jobbe vidare for å betre tilbodet i området. Handballaget til Eikanger må trene i Knarvik fordi hallen på skulen er for dårleg.

– Eg byrja å jobbe med dette då eg blei leiar for fire år sidan. Behovet for ny kunstgrasmatte har eksistert endå lengre enn det også.

Han er glad for at det nye dekket endeleg er på plass etter fleire år med e-postar til kommunen om skadar på spelarar som følge av den dårlege tilstanden til bana.

Med oppgraderingar på anlegga, kan klubben tenke meir langsiktig, meiner Rasmussen.



SAMLA: Mange folk drog til Ostereidet for å sjå den nye bana til Eikanger IL. Foto: OLE JACOB RIISE

Hugsar bana frå før ho var ordførar

Allereie før Sara Sekkingstad (Sp) blei den første ordføraren i Alver kommune, hadde ho fått vite korleis tilstanden til kunstgrasmatta på Ostereidet var.

– Vi gjekk ein runde i området her. Allereie då fekk eg høyre kor gammal bana var. Ønsket om «Osterhallen» blei også tatt opp.



VIKTIG: Sara Sekkingstad fortel at ønsket om å få ny matte på Ostereidet har vore uttrykt sidan før ho blei ordførar. No er ho glad den endeleg har kome på plass. Foto: OLE JACOB RIISE

Sekkingstad meiner det jammen var på tide med ny matte for heimebana til Eikanger IL.

– Det var ei viktig økonomisk prioritering for to år sidan, då vi tok avgjerda om å bytte matta på Ostereidet og i Knarvik. Men her fekk dei nye lysarmaturar i same slengen. Det blir nesten eit heilt nytt anlegg, legg ordføraren til.

No håpar ho det kjem til å bidra til meir aktivitet i klubben framover, etter ei tid prega av lågare medlemstall og pandemi.

Les meir om: [Sport](#) [Alver](#) [Eikanger IL](#) [Ostereidet](#)

Sjå kommentarar